

**Grønt lys for lavvoen i Skårhaug**

21.01.2012

**Kommunen har no gjeve løyve til oppsetting av ein trelavvo for den kommunale barnehagen på plattingen som står klar i Skårhaug. Den vil vera 20 kvadratmeter og erstattar tøyfavvoen som stormen tok for nokre år sidan. Det vart gjeve løyve til den tidlegare lavvoen i 2005.**

Naboar og gjenbuarar har ingen merknadar. Tiltaket er i samsvar med alle avstandskrav - både til nabogrense, annan bygning, høgspenline og veg.

Friluftslaget som eig grunnen har ingen merknadar og har gjeve skriftleg samtykke til plasseringa. Kommunen slår fast at tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.

Av Ola Matti Mathsen.